

Jagaren si elgjakt

Av Kolbjørn Stuestøl

Første laurdagen etter 5. oktober blir det folksamt på Kleiva frå tidleg om morgonen av. Alt i sjetida er dei første på plass. Dei siste etternølarane kjem ikkje før i åttetida, samstundes med at formannen i laget ønskjer velkomen og gir ordet vidare til jaktleiaren, som stig opp på steinen sin og held foredraget sitt om årets kvoter, avskytingsmønster og kva for jag som er aktuelle denne dagen. Opningsjaget i dag går frå elva mot skyttarlinja mellom Høyland og Stigeheia. Flokken deler seg i to. Skyttarane samlar seg rundt jaktleiaren for kontroll av gevær og jaktkort og trekking av postar. Fire av dei fekk ingen post dette jaget, og ruslar over til jagarane for utdeling av refleksvestar og instruksar. For jagarane blir det ein hard start på dagen. For å kome på plass, må tre av dei kravle opp Humlestigen og tre andre frå Slåta heilt nede ved elva, begge stadene så bratte at ein må bruke alle fire for å kome opp. Det er likevel ingen problem å finne seks spreke karar til



Ingolvgvegge planlegg neste jag saman med noen av dei andre jagarane

denne manndomsprøven. Resten går ut frå Li opp mot Finnsteinen. Linja blir etablert. Alle som treng det, får instruks om lengde på jaget, hovudretninga, korleis det ser ut der dei kjem fram, og kva kjennemerke dei kan følgje dersom dei går seg vill. Vi får kontakt med dei frå elva. Linja er etablert. Skyttarane er på plass. Jaget kan byrje. Jakta er i gang på ordentleg.

Det blei ein kalv denne gongen. Eigentleg er det vel nå forteljninga skulle byrja. Det er i pausane dei gode historiene kjem fram, det er der fyndorda har rette miljøet, der det verkeleg går opp for ein at skriftspråket er ei dårleg avspegling av det levande ordet. Det er desse stundene som blir hugsa og fortalde oppatt i detaljar. Slitet gjennom endelausa myrar, opp på og ned av fjelltoppar, gjennom steinurer og langs nesten utilgjengelege beverdammar i ein fot snø. Dagar du virrar rundt inne i eit plantefelt utan å finna ut att. Dagar då kvelden kjem som ei forløyning frå alt som er vondt her i verda. Alt dette blir gløymd. Det som står att er minnet om utsynet frå fjelltoppane i klårt haustver, hjortefamilien du støyte på, matpausen i solbakken, rimkvite bjørker i motlys. Dagar då du på heimvegen tar ein ekstratur opp på næraste fjelltopp bare for turen si skuld.

Ny pause. Også dette jaget er ferdig. Ingen elg. Sidan eg på neste jag skal gå vidare frå der eg er nå, melder eg frå over radioen at eg ventar her eg er. Åleine i skogen med kaffi og nistemat. Har alltid mykje mat med. Veret er bra. Skogbotnen er fuktig, så det er råd å nyte freden og ein røyk. Eg filosoferer litt over kvifor mange kjenner seg tryggare midt i storbyen enn midt i skogen. Kvifor er forresten elgjakta, denne sosiale storhendinga, så viktig? Tidsrekninga om hausten er stort sett før, under og etter elgjakta. Månaden oktober er utradert. Den første snøen kom tredje søndagen i elgjakta. Ingen hugsar at dette blir 20. oktober på den offisielle kalenderen. Kan hende ligg noe av forklaringa i oppbygginga av det sosiale mønsteret i jaktlaget. Alle blir behandla etter den funksjonen dei har under jakta, ikkje etter status i det sivile. Plasseringa på rangsstigen blir fastsett etter nytteverdien du har i jakta. Samstundes er systemet nokså nær det sosialistiske idealsamfunnet. Grunneigaren med 3 km² deler jaktoplevelinga og utbyttet likt med den som har 300 dekar. Her er full likskap. Gjer du ein ekstrainnsats, får du ikkje større del av utbyttet, men kanskje litt ære. Nei, likskapet er likevel ikkje heilt fullkomen. Deltar du ikkje, eller dersom du ikkje er grunneigar, får du heller ikkje del i utbyttet.

Drivjakt, slik elgjakta stort sett blir drive på